

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring
Møtestad:	Digitalt, Ekstramøte
Dato:	26.11.2021
Tid:	14:00-14:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tor André Ljosland	Leiar	KRF
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	SP
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Jana Midelfart-Hoff	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Morten Klementsén	Medlem	UA
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Terje Søviknes	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sæhle	Medlem	SV

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Haugen Herstad		SP
Eirik Haga		A
Steinar Øydvin	Marianne Sæhle	SV
Jan Henrik Nygård		V

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Endre Høgalmén	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Sølve Sondbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Ingrid Birkelund	Seksjonsleiar for stad innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Anne Koch Grønlien	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 25/21	Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste		
PS 80/21	Politiske saker Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21	2021/50332	

Godkjenningssaker

GK 25/21 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.11.2021

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

Politiske saker

PS 80/21 Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 5/21

Forslag til vedtak

1. Dokumentet «Budsjett 2022 / økonomiplan 2022-25» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2022-25.
2. Driftsbudsjettet for 2022 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Rammetilskot	6 274 479
Inntekts- og formuesskatt	4 580 289
Andre generelle driftsinntekter	334 099
Sum generelle driftsinntekter	11 188 867
Sum løyvingar drift, netto	9 325 300
Brutto driftsresultat	1 863 567
Renteinntekter	55 800
Utbytte	7 000
Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar	
Renteutgifter	265 100
Avdrag på lån	800 000
Netto finansinnt./utg.	-1 002 300

Netto driftsresultat	861 267
Disponering / dekking av netto driftsresultat:	
Overføring til investering	615 000
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond	
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	246 267
Dekking av tidlegare års meirforbruk	
Sum disponering/ dekking nto driftsres	861 267

Netto driftsbudsjett pr sektor	1 000 kr
Politisk styring	52 820
Kontrollutval	10 580
Politisk styring, kontrollutval	63 400
Eigedom - drift og vedlikehald	550 140
Administrasjon av organisasjon og økonomi	179 760
Org. og økonomi	729 900
Plan, analyse, klima og folkehelse	45 553
IKT og digitalisering	145 307
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 540
Strategisk utvikling og digitalisering	197 400
Pasientbehandling	267 920
Administrasjon	13 680
Tannhelse	281 600
Arkiv	9 563
Bibliotek	12 152
Kulturformidling	21 362
Kulturarv	108 014
Idrett og friluftsliv	34 852
Inkludering, strategi, analyse	20 381
Kunst og kulturutvikling	109 748
Administrasjon av kultur og idrett	7 728
Kultur, idrett og inkludering	323 800
Veg-, drift og vedlikehald	1 212 290

FTU - midlar	17 150
Administrasjon av infrastruktur og veg	30 615
Andre tiltak - infrastruktur og veg	1 045
Infrastruktur og veg	1 261 100
Buss	1 082 556
Bane	64 722
Ferje	938 024
Båt	280 025
Fellestenester	213 786
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	110 987
Mobilitet og kollektiv	2 690 100
Administrasjon av innovasjon og næringsutvikling	11 202
Verdiskaping i byar/regionar	16 770
Naturressursar, landbruk og reiseliv	33 006
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	36 805
Grøn vekst, klima og energi	15 735
Utviklingsmidlar	37 282
Innovasjon og næringsutvikling	150 800
Vidareg. oppl. i skule inkl særskilt tilrettelagt oppl	2 834 827
Vidaregåande opplæring for vaksne	68 595
Fagskule	20 979
Andre føremål opplæring	64 803
Opplæring i bedrift	597 387
Administrasjon av opplæring & kompetanse	30 809
Opplæring og kompetanse	3 617 400
Sum sektor	9 315 500
Lønsavsetjing, premieavvik	9 800
SUM Netto Drift	9 325 300

3. Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Investeringar i varige driftsmidlar	5 618 100
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	5 618 100
Kompensasjon mva	826 122

Tilskot frå andre	1 735 348
Sal av varige driftsmiddel	15 700
Bruk av lån	2 390 380
SUM INVESTERINGSINTEKTER	4 967 550
Overføring frå drift	615 000
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	35 550
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
SUM Overføring frå drift og netto avsetjing	650 550
Framført til inndekking seinare år	-

Investeringar pr sektor

	1 000 kr
Fellesfunksjonar	528 700
Opplæring	1 004 100
Tannhelse	31 600
Regional utvikling	10 600
Kultur	23 700
Fylkesveg	2 771 100
Kollektiv	1 248 300
Sum investeringar varige driftsmiddel	5 618 100

4. Fylkestinget godkjenner nye låneoptak på 2 390,38 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2023-25. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2023-2026.

Saksprotokoll i Finansutvalet - 24.11.2021

Sigrid Brattabø Handegard (SP) sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

Driftsbudsjett 2022

1. Punkt 1-2 som innstillinga til fylkesdirektøren med følgjande tillegg:

SAMMO	årleg	eingong	reduksjon
Felles sonestruktur	10		
Overgangsmidler TT		5	
Auka kostnad hurtigbåt	12		
Ladeinfrastruktur		2	

Fleksible kollektivtilbud i distrikta	1		
Bru/kai		3	
Veg, utstyr, miljø mm		10	
Veg, punktutbetringar, hjartesoner, trygg skuleveg	52,9	6	
Dekkelegging		40	
Næring			
Havbyen Bergen		1	
Regionråda	2		
Næringsfond for utsette kommunar	4		
Fair play bygg		3	
Tilskot breibandsutbygging		8	
Marine grunnkart		4	
Marin satsing	2		
Lærdal villakssenter	0,5		
Kultur			
Tilskot skisenter	0,5		
KODE	1		
Idrettsklynge Vest	0,4		
Frivilleg kulturminnevern	0,3		
Det vestnorske teater	1,5		
E-sport	0,5		
Konsumprisjustering tilskot	1		
Tilskot Bakom	0,5		
Regionalparkane	0,7		
Regionale kulturbygg		14	
Frivillegheitas år		0,5	
Fjordstream		1,2	
Klimafestivalen 2022		0,5	
Kvarteret		0,15	
Odda Litteraturhus		0,2	
Fri		0,05	
Bergen Finge Festival			0,1
Trykkeriet			0,12
Lydgalleriet			0,1
Stiftinga hardanger og Voss museum			0,4
Opplæring	årleg	eingong	
Tilskot toppidrett	0,6		
Redusert nedtrekk- adm innsparing		2	
Omstillingstiltak pedagogisk personale		1	
Skulefrukost	10		
Meningokokkvaksine	2,1		
Rredusert nedtrekk ramme vgs	4,3		
Fagskulen	2		
Tilskot Manger folkehøgskule, avtale		0,1	
Bind, tampongar	1		
Betra psykisk helse		5	
Elev-lærlingombod	1		
Læremiddel/utstyr		5	

Folkehelseundersøkinga		1,5	

Prioriteringane vert finansiert med redusert overføring til disposisjonsfondet med **kr 224,6 mill**

Punkt 3-6 som innstillinga

Nytt punkt 7

Investeringsprogram fylkesveg 2022-2025

Fylkestinget syner til tidlegare signal i budsjettprosessen. Fylkestinget legg til grunn at alle store veg og rassikringsprosjekt som ikkje har godkjent reguleringsplan og oppstartsvedtak vert teken ut av investeringsbudsjett 2022-2025 i denne handsaminga. Endeleg prioritering av prosjekt vil skje i samband med handsaming av handlingsprogrammet i Regional transportplan 2022-2025.

Merknader budsjett frå Sp, Ap, Krf, V, Sv, Mdg - verbalpunkt

1. Fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspart og utviklingsaktør. Det betyr bl.a at ein del tenester skal vera desentrale. Ein skal vurdere om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut, dette for å vera tett på området ein skal tena.
2. Gode regionale kulturbygg medverkar til regional og kulturell utvikling og har potensiale til å skape ringverknadar i næringslivet. Fylkestinget meiner det er viktig å bygge ein sterk kulturell infrastruktur i Vestland fylke. I tråd med prioriteringane gjort i Utval for kultur, idrett og integrering, «PS 116/21 Kulturarenaer med regionale funksjonar» vedtar Fylkestinget å tildele 10 mill. til finansiering av Holvikejekta verne- og formidlingsbygg, og resterande 4 mill. til medfinansiering av Lindehuset.

Fylkestinget anerkjenner at det framleis er mange søknadar som ikkje har fått midlar og vil komma attende til dette ved handsaminga av rekneskapen 2021.

Fylkestinget er bekymra over den skeivdeling av statlege tilskot som finn stad særleg innan museumssektoren, men og overfor andre kulturverksemdar. Fylkestinget ber om at tematikken vert fylgd aktivt opp med sikte på å oppnå ein meir rettferdig fordeling. Samtidig meiner fylkestinget at den statlege ordninga «Tilskudd til nasjonale kulturbygg» tvingar fylkeskommunen til å prioritere prosjekt Stortinget vel. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram sak til Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet om uttale til Kulturdepartementet om utfordringa.

Eit godt døme på korleis det verkar er Gulatinget. Både fylke og kommune har prioritert tiltaket i investeringsbudsjettet, men det blir stadig utsett fordi staten løyver til andre prosjekt og fylket må følgje på med midlar for å løyse ut dei. Vi vil arbeide for at Gulatinget finn si løysing saman med markeringa av Landslova.

3. Fylkestinget meiner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem, som Noregs nest største kunstmuseum, er av stor viktigheit for Vestland og Noreg. Vestland fylkesting erkjenner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem er underfinansiert frå fylkeskommunen og staten. Fylkestinget ønskjer å styrke drifta til KODE og vil gjere dette i eit felles lyft med staten. Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.
4. Fylkestinget vil stø opp om den gode utviklinga innan yrkesfag og tal lærlingar. Fylkestinget styrker arbeidet gjennom budsjettet og vil spesielt peike på potensial for betre samhandling og fleire lærlingar innan andre offentlege aktørar som kommunen, sjukehus, universitet og høgskular etc. Fylkestinget ber om særleg merksemd på korleis ein skal få betre samhandling kring elevar/lærlingar som har nedsette funksjonsevner for å styrke deira sjansar til å kome inn i arbeidsmarknaden
5. TT-ordninga er svært viktig for mange med funksjonshemmingar som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit

avgjerande tilbod i kvardagen, og dei må ikkje bli kasteball mellom kommunar og fylke i samband med overføring mellom to politiske nivå. Arbeidskøyring er ei kommunal oppgåve som av historiske årsaker har vore dekkja av fylket for nokre kommunar. Fylket må likebehandle kommunane, så denne ordninga kan ikkje halde fram. Det vert derfor gjort avtalar med dei aktuelle kommunane om at dei tar over ansvaret. Fylkestinget set av midlar til ei overgangsordning for 2022 på inntil 50 prosent av kostnaden, men føreset at kommunane tek heile kostnaden frå 2023.

6. Vestland er det fylket i landet med flest rasfarlege vegar og det er derfor positivt at nasjonale myndigheiter ynskjer å lage en nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksveier og fylkesveier med høg og middels skredfaktor. Det er viktig at Vestland fylke har byggeklare rassikringsprosjekt og mellom dei høgt prioriterte prosjekta i dei tidlegare fylka er det spesielt to prosjekter kor ein ikkje er i gang med detaljreguleringsarbeid. Fylkesdirektøren bes derfor å sikre framdrift i planprosessane på skredsikringsprosjekta FV49 Tokagjelet og FV49 Nordrepollen- Austrepollen.
7. «Den nye normalen» i samfunnet utfordrar kollektivsektoren og det er viktig at Vestland fylke arbeider aktivt med å både få tilbake tidlegare kollektivkundar og tiltrekke seg nye passasjergrupper. Fylkesdirektøren bes om å initiere ulike tiltak som kan bidra til å auke passasjertala, mellom anna tilby kollektivprodukt tilpassa auka bruk av heimekontor, sjå på kva måte ein kan innlemme både bysyklar og anna mikromobilitet i våre reiseprodukt og i vår reiseapp.

I statsbudsjettet er det ikkje lagt opp til vidare kompensasjon for tapte billettinntekter innan kollektivtrafikken i 2022, noko som kan føre til kutt i rutetilbodet til innbyggjarane som følgje av at passasjergrunnlaget framleis ikkje er tilbake til normaltstanden før pandemien. Staten, fylkeskommunane og kommunane som er avtalepartnerar i byvekstavtalene har eit felles ansvar for å motverke overgang frå kollektiv til privatbil som reiskap for arbeidsreiser etter koronapandemien. Om dette ikkje vert retta opp i statsbudsjettet for 2022 må det arbeidast for at ein kjem attende til dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.

8. Innsparing på 50 mill. som følge av omsetningspåbod for biodrivstoff skal (jfr. vedtak i fylkesutvalet) i hovudsak nyttast til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering. Fylkestinget nyttar 12 mill. av denne innsparinga til framtidens hurtigbåt, 10 mill. til innføring av takst/sonestruktur i tidlegare Sogn og Fjordane, samt 2 mill. til ladeinfrastruktur for el-bilar. Resten vert sett på disposisjonsfond. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til Utval for samferdsle og mobilitet og Fylkesutvalet med sak om moglegheit for omlegging av pågåande busskontraktar til nullutslepp, som til dømes Bergen Vest og Bergen Sør. I den samanheng vil fylkestinget presiserer behovet for å ha tilstrekkeleg kontrakts- og kompetansekapasitet for å kunne sikre tilstrekkeleg framdrift.
9. Fylkestinget har merka seg ungdomsutvalet sitt innspel, og sett av 1 mill. til innføring av gratis og tilgjengelege sanitærprodukt for jenter på dei vidaregåande skulane. Vi ber administrasjonen om å få framlag ei sak, der mellom anna Rogaland Fylkeskommune si ordning blir vurdert.
10. Fylkestinget vil ha større fokus på auka satsing på fleksible skyssordningar, både i utvikling av nye produkt og ved å vidareutvikle eksisterande tilbod. Særleg viktig vil det vere å styrke tiltak som motverkar avstandsulempene ungdom i distrikta har for å delta på fritidsaktivitetar mm utanom skuletid. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram ei sak for Hovudutval for Samferdsle og kommunikasjon om korleis ein best kan utvikle ordninga.

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Driftsbudsjett	Økte kostnader	Reduserte kostnader/økte inntekter
Driftsbudsjett 2020 - tall		
Opplæring og kompetanse		
Innsparing administrasjonen		5 000 000
Øke rammen til skole	10 000 000	
Idrettsklynge vest	900 000	
Miljøkoordinatorer	20 000 000	
PitStop	1 000 000	
Sommerskole/leksehjelp	1 000 000	
TAF/YSK	1 000 000	
Toppidrett	600 000	
Fagbrev på jobb	10 000 000	
Fagskolen	1 000 000	
Økt antall læreplasser	5 000 000	
Prøveprosjekt med livsmestringskurs	2 000 000	
Sum opplæring	52 500 000	5 000 000
Samferdsel		
Økte reklameinntekter		15 000 000
Veivedlikehold	130 000 000	
Ny fellessone struktur	11 500 000	
Økte kostnader hurtigbåt	12 000 000	
Innovative mobilitetsløsninger for å få flere reisende	10 000 000	
Tilskudd til ladestasjoner langs fylkesvei	5 000 000	
Nordhordlandsbåten	5 000 000	
Sum samferdsel	173 500 000	15 000 000
Kultur, idrett og inkludering		
Slå sammen KUP-midler og tilskudd profesjonell kultur		1 600 000
Regionale ungdomsparti	400 000	
Fyllingsdalen teater	200 000	
Det vestnorske teater	1 500 000	
Bibliotek (digital satsing)	200 000	
Springbrett for ungdom	150 000	
Holvikejekta	1000000	
Sum kultur	12 450 000	1 600 000
Innovasjon og næringsutvikling		
Folkehelseundersøkelse 2022	1 500 000	
Havbyen Bergen	1 000 000	
Utviklingsmidler	500 000	
Marin satsing	10 000 000	
Bredbåndsutbygging i distriktene	4 000 000	
Sum næring	17 000 000	0
Organisasjon og økonomi		
Felles administrativt nedtrekk på digitale utvalgsmøter		1 000 000
Ytterligere effektivisering av fysiske møter		1 000 000
Planmidler til helse- og klimaarbeid		1 000 000
Redusert brukt av konsulenttenester		4 000 000
Effektivisering av renholdstjenester		5 000 000
Sum organisasjon og økonomi	0	12 000 000
Forslag til redusert avsetning til disposisjonsfond		221 850 000
TOTALT	255 450 000	255 450 000

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Finansutvalet tek Arbeidsdokument 5 og framlegg til Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 til vitande.»

Terje Søviknes (FRP) sette fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad frå Fremskrittspartiet

Fremskrittspartiet sine representantar tek Arbeidsdokument 5 og framlegg til Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 til vitande i dette møtet, og vil leggja fram Fremskrittspartiet sitt framlegg til alternativt budsjett i fylkesutvalets møte 30.11.21.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, FRP, UA) og fall.

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Handegard sitt forslag unnateke punkt 7 vart vedteke mot 7 røyster (FNB, FRP, H, UA).
Handegard sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Forslag til budsjett frå finansutvalet til fylkesutvalet

Driftsbudsjett 2022

1. Punkt 1-2 som innstillinga til fylkesdirektøren med følgjande tillegg:

SAMMO	årleg	eingong	reduksjon
Felles sonestruktur	10		
Overgangsmidler TT		5	
Auka kostnad hurtigbåt	12		
Ladeinfrastruktur		2	
Fleksible kollektivtilbod i distrikta	1		
Bru/kai		3	
Veg, utstyr, miljø mm		10	
Veg, punktutbetringar, hjartesoner, trygg skuleveg	52,9	6	
Dekkelegging		40	
Næring			
Havbyen Bergen		1	
Regionråda	2		
Næringsfond for utsette kommunar	4		
Fair play bygg		3	
Tilskot breibandsutbygging		8	
Marine grunnkart		4	
Marin satsing	2		
Lærdal villakssenter	0,5		
Kultur			
Tilskot skisenter	0,5		
KODE	1		
Idrettsklynge Vest	0,4		
Frivilleg kulturminnevern	0,3		
Det vestnorske teater	1,5		
E-sport	0,5		
Konsumprisjustering tilskot	1		
Tilskot Bakom	0,5		

Regionalparkane	0,7		
Regionale kulturbygg		14	
Frivilligheitas år		0,5	
Fjordstream		1,2	
Klimafestivalen 2022		0,5	
Kvarteret		0,15	
Odda Litteraturhus		0,2	
Fri		0,05	
Bergen Finge Festival			0,1
Trykkeriet			0,12
Lydgalleriet			0,1
Stiftinga hardanger og Voss museum			0,4
Opplæring	årleg	eingong	
Tilskot toppidrett	0,6		
Redusert nedtrekk- adm innsparing		2	
Omstillingstiltak pedagogisk personale		1	
Skulefrukost	10		
Meningokokkvaksine	2,1		
Rredusert nedtrekk ramme vgs	4,3		
Fagskulen	2		
Tilskot Manger folkehøgskule, avtale		0,1	
Bind, tampongar	1		
Betra psykisk helse		5	
Elev-lærlingombod	1		
Læremiddel/utstyr		5	
Folkehelseundersøkjinga		1,5	

Prioriteringane vert finansiert med redusert overføring til disposisjonsfondet med **kr 224,6 mill**

Punkt 3-6 som innstillinga

Nytt punkt 7

Investeringsprogram fylkesveg 2022-2025

Fylkestinget syner til tidlegare signal i budsjettprosessen. Fylkestinget legg til grunn at alle store veg og rassikringsprosjekt som ikkje har godkjent reguleringsplan og oppstartsvedtak vert teken ut av investeringsbudsjett 2022-2025 i denne handsaminga. Endeleg prioritering av prosjekt vil skje i samband med handsaming av handlingsprogrammet i Regional transportplan 2022-2025.

Merknader budsjett frå Sp, Ap, Krf, V, Sv, Mdg - verbalpunkt

1. Fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspart og utviklingsaktør. Det betyr bl.a at ein del tenester skal vera desentrale. Ein skal vurdere om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut, dette for å vera tett på området ein skal tena.
2. Gode regionale kulturbygg medverkar til regional og kulturell utvikling og har potensiale til å skape ringverknadar i næringslivet. Fylkestinget meiner det er viktig å bygge ein sterk kulturell infrastruktur i Vestland fylke. I tråd med prioriteringane gjort i Utval for kultur, idrett og integrering, «PS 116/21 Kulturarenaer med regionale funksjonar» vedtar Fylkestinget å tildele 10 mill. til finansiering av Holvikejekta verne- og formidlingsbygg, og resterande 4 mill. til medfinansiering av Lindehuset.

Fylkestinget anerkjenner at det framleis er mange søknadar som ikkje har fått midlar og vil komma attende til dette ved handsaminga av rekneskapen 2021.

Fylkestinget er bekymra over den skeivdeling av statlege tilskot som finn stad særleg innan museumssektoren, men og overfor andre kulturverksemdar. Fylkestinget ber om at tematikken vert fylgd aktivt opp med sikte på å oppnå ein meir rettferdig fordeling.

Samtidig meiner fylkestinget at den statlege ordninga «Tilskudd til nasjonale kulturbygg» tvingar fylkeskommunen til å prioritere prosjekt Stortinget vel. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram sak til Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet om uttale til Kulturdepartementet om utfordringa.

Eit godt døme på korleis det verkar er Gulatinget. Både fylke og kommune har prioritert tiltaket i investeringsbudsjettet, men det blir stadig utsett fordi staten løyver til andre prosjekt og fylket må følgje på med midlar for å løyse ut dei. Vi vil arbeide for at Gulatinget finn si løysing saman med markeringa av Landslova.

3. Fylkestinget meiner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem, som Noregs nest største kunstmuseum, er av stor viktighet for Vestland og Noreg. Vestland fylkesting erkjenner at KODE Kunstmuseer og komponisthjem er underfinansiert frå fylkeskommunen og staten. Fylkestinget ønskjer å styrke drifta til KODE og vil gjere dette i eit felles lyft med staten. Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.
4. Fylkestinget vil stø opp om den gode utviklinga innan yrkesfag og tal lærlingar. Fylkestinget styrker arbeidet gjennom budsjettet og vil spesielt peike på potensial for betre samhandling og fleire lærlingar innan andre offentlege aktørar som kommunen, sjukehus, universitet og høgskular etc. Fylkestinget ber om særleg merksemd på korleis ein skal få betre samhandling kring elevar/lærlingar som har nedsette funksjonsevner for å styrke deira sjansar til å kome inn i arbeidsmarknaden
5. TT-ordninga er svært viktig for mange med funksjonshemmingar som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport til arbeid. Både for brukarane og familiane deira er dette eit avgjerande tilbod i kvardagen, og dei må ikkje bli kasteball mellom kommunar og fylke i samband med overføring mellom to politiske nivå. Arbeidskøyring er ei kommunal oppgåve som av historiske årsaker har vore dekkja av fylket for nokre kommunar. Fylket må likebehandle kommunane, så denne ordninga kan ikkje halde fram. Det vert derfor gjort avtalar med dei aktuelle kommunane om at dei tar over ansvaret. Fylkestinget set av midlar til ei overgangsordning for 2022 på inntil 50 prosent av kostnaden, men føreset at kommunane tek heile kostnaden frå 2023.
6. Vestland er det fylket i landet med flest rasfarlege vegar og det er derfor positivt at nasjonale myndigheiter ynskjer å lage en nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring av alle riksveier og fylkesveier med høg og middels skredfaktor. Det er viktig at Vestland fylke har byggeklare rassikringsprosjekt og mellom dei høgt prioriterte prosjekta i dei tidlegare fylka er det spesielt to prosjekter kor ein ikkje er i gang med detaljreguleringsarbeid. Fylkesdirektøren bes derfor å sikre framdrift i planprosessane på skredsikringsprosjekta FV49 Tokagjelet og FV49 Nordrepollen- Austrepollen.
7. «Den nye normalen» i samfunnet utfordrar kollektivsektoren og det er viktig at Vestland fylke arbeider aktivt med å både få tilbake tidlegare kollektivkundar og tiltrekke seg nye passasjergrupper. Fylkesdirektøren bes om å initiere ulike tiltak som kan bidra til å auke passasjertala, mellom anna tilby kollektivprodukt tilpassa auka bruk av heimekontor, sjå på kva måte ein kan innlemme både bysyklar og anna mikromobilitet i våre reiseprodukt og i vår reiseapp.

I statsbudsjettet er det ikkje lagt opp til vidare kompensasjon for tapte billettinntekter innan kollektivtrafikken i 2022, noko som kan føre til kutt i rutetilbodet til innbyggjarane som følgje av at passasjergrunnlaget framleis ikkje er tilbake til normaltilstanden før pandemien. Staten, fylkeskommunane og kommunane som er avtalepartnarar i byvekstavgiftene har eit felles ansvar for å motverke overgang frå kollektiv til privatbil som reiskap for arbeidsreiser etter koronapandemien. Om dette ikkje vert retta opp i statsbudsjettet for 2022 må det arbeidast for at ein kjem attende til dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.

8. Innsparing på 50 mill. som følge av omsetningspåbod for biodrivstoff skal (jfr. vedtak i fylkesutvalet) i hovudsak nyttast til tiltak som gir kutt i klimagassutsleppa, som til dømes elektrifisering. Fylkestinget nyttar 12 mill. av denne innsparinga til framtidige hurtigbåt, 10 mill.

til innføring av takst/sonestruktur i tidlegare Sogn og Fjordane, samt 2 mill. til ladeinfrastruktur for el-bilar. Resten vert sett på disposisjonsfond. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til Utval for samferdsle og mobilitet og Fylkesutvalet med sak om moglegheit for omlegging av pågåande busskontraktar til nullutslepp, som til dømes Bergen Vest og Bergen Sør. I den samanheng vil fylkestinget presiserer behovet for å ha tilstrekkeleg kontrakts- og kompetansekapasitet for å kunne sikre tilstrekkeleg framdrift.

9. Fylkestinget har merka seg ungdomsutvalet sitt innspel, og sett av 1 mill. til innføring av gratis og tilgjengelege sanitærprodukt for jenter på dei vidaregåande skulane. Vi ber administrasjonen om å få framlag ei sak, der mellom anna Rogaland Fylkeskommune si ordning blir vurdert.
10. Fylkestinget vil ha større fokus på auka satsing på fleksible skyssordningar, både i utvikling av nye produkt og ved å vidareutvikle eksisterande tilbod. Særleg viktig vil det vere å styrke tiltak som motverkar avstandsulempene ungdom i distrikta har for å delta på fritidsaktivitetar mm utanom skuletid. Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge fram ei sak for Hovudutval for Samferdsle og kommunikasjon om korleis ein best kan utvikle ordninga.

Protokollmerknad frå Fremskrittspartiet

Fremskrittspartiet sine representantar tek Arbeidsdokument 5 og framlegg til Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25 til vitande i dette møtet, og vil leggja fram Fremskrittspartiet sitt framlegg til alternativt budsjett i fylkesutvalet sitt møte 30.11.21

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.11.2021

June Vibecke K. Indrevik, H, sette på vegner av H fram slikt alternativt forslag:

«Budsjett 2022

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek budsjettet til vitande».

Mohamed Ben Hedi Kallel, R, sette fram slikt alternativt forslag:

«Budsjett

1. Hovedutval for kultur, idrett og integrering 26. november tar fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg til vitende.
2. Hovedutvalet for kultur, idrett og integrering vil spesielt peike på at det er behov for å styrke vårt kapittel på fylgande felt:
 - regionale kulturbygg / regionale kulturarenaer
 - integrering / inkludering.»

Avrøysting

Indrevik sitt forslag fekk 14 røyster og vart vedteke mot ei røyst (R).

Kallel sitt forslag fekk 3 røyster (R, FNB og UA) og fall.

Det vart ikkje røysta over innstillinga.

Uttale frå hovudutval for kultur, idrett og integrering til fylkesutvalet

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek budsjettet til vitande.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 26.11.2021

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:

«Næringsutvalet ber om at løyving til Marin satsing vert prioritert i endeleg Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022-25. Forøvrig tek utvalet budsjettframlegget til orientering».

Tor André Ljosland (KrF) sette på vegner av KrF, A, V, MDG, Sp og Sv fram slikt forslag:

«Hovudutval for næring fremmer fleirtalsforslaget frå finansutvalet».

Jana Midelfart-Hoff (H) sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for næring fremmer forslaget frå Høyre i finansutvalet»

Avrøysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (FrP, U) og fall.

Midelfart-Hoff sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Ljosland sitt forslag blei vedteken mot 6 røyster (FrP, U, H).

Uttale frå hovudutval for næring

Hovudutval for næring fremmer fleirtalsforslaget frå finansutvalet